



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	


## Detaljreguleringsplan for Lalm vassverk - høyring og offentlig ettersyn

### Vedlegg

- 1 Plankart
- 2 Reguleringsføresegner
- 3 Planskildring med KU
- 4 ROS-analyse\_Lalm vassverk\_J03

### Saksframlegg:

Norconsult har på vegne av Vågå kommune utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for nytt vassverk på Lalm. Det blir lagt til rette for etablering av nye grunnvassbrønner og nytt vassverk i det same området som eksisterande vassverk er etablert. Planområdet omfattar heile eller delar av eigedomane gnr/bnr/fnr: 4/7, 155/1, 156/1, 156/1/2, 156/1/2, 156/1/3, 156/4, 156/7, 156/28, 156/53, 156/64, 156/65, 156/69 og 198/14 og Brekkevegen 205/1 på Lalm. Delar av Sjørdalsvegen og Øverbygdsvegen manglar matrikelnummer og delar av Lalmsvatnet er ikkje matrikulert. Planområdet er på 275 daa.



Figur 1: Oversiktskart som viser planområde.

Planmateriale omfattar:


- Plankart
- Reguleringsføresegner
- Planomtale med konsekvensutgreiing
- ROS-analyse med vedlegg
- Simulering av flomnivå i Ottaelva ved Lalm
- Sikkerheitsklassifisering og tiltak mot skred for nytt Lalm vannverk
- Risiko- og sårbarheitsanalyse for nytt Lalm vassverk - forprosjektphase

#### Planprosess og forhold til overordna plan


Det vart helde oppstartsmøte med kommunen og konsulent 15.06.2023. Det vart varsla planoppstart 28.06.2023 med kunngjering i avis 06.07.2023. Gjeldande plan for område er kommuneplanens arealdel 2017-2027. Det er ikkje utarbeidd reguleringsplan for eksisterande vassverk. Dagens vassverk og dei mest sentrale sikringssonene er vist i kommuneplanens arealdel, men utvidinga er ikkje avklart i overordna plan og må difor konsekvensutgreiast jf. forskrift om konsekvensutgreiing. Planskildring omfattar konsekvensutgreiing av følgjande tema:

- Naturmangfald
- Kulturminne
- Friluftsliv
- Landskap
- Naturressursar (jordbruk)
- Samfunnstryggleik og beredskap.

Planforslaget omfatte sikringssoner til drikkevasskjelda og strekk seg difor oppover lisa vest for Lalm vassverk og Sjørdalsvegen. Arealbruken innanfor sikringssonene er i all hovudsak landbruk og blir regulert i tråd med dagens situasjon når det gjeld mellom anna vegar og avkøyringar til eigedomar m.v. Det er utarbeidd føresegner knytt til dei ulike sikringssonene som er vist som omsynssoner i plankartet.



Figur 2: Kommuneplanens arealdel 2017-2027 med plangrense for Lalm vassverk vist med blå stipla line.



Figur 3: Sikringssoner for drikkevatt, henta frå hydrologisk rapport (Norconsult 2009)

## Vurdering:

Planforslaget inneber ei regulering av nytt vassverk og råvassbrønnar med tilhøyrande tilkomstveg og snuplass. Sikringssonene til vassverket inngår i planforslaget. Vågå kommune har søkt om konsesjon etter vassressurslova parallelt med planprosessen. Dei nye råvassbrønnane er etablert våren 2022 og har vore prøvepumpa. Nytt vassverk er ønska etablert på ei lita høgde nordvest for dei nye brønnane. Vassverket blir dimensjonert for eit døgnforbruk på 700m<sup>3</sup>/døgn. Det blir dermed lagt til rette for auk i vassforbruket for å legge til rette for utvikling på Lalm og moglegheita for å forsyne Sjørdalen med vatn. Vasskjelda/inntaket med vernetiltak og den planlagde vassbehandlinga er vurdert til å tilfredsstillast kravet frå drikkevassforskrifta om tilstrekkeleg hygienisk barriere. Noverande vassverk tilfredsstillast ikkje krav som er sett til drikkevatt og tiltaket vil sikre reint drikkevatt for eksisterande abonnentar og framtidige.

## Konsekvensutgreiing

Planforslaget er vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter § 8 pkt. a) i Forskrift om konsekvensutgreiingar ettersom tiltaket omfattar anlegg for uttak av grunnvatn (pkt. 10 i vedlegg II). Planlagt tiltak er forventa å få vesentleg verknad etter § 10. Jamfør konsekvensutgreiing som er gjennomført kjem tiltaket noko negativt ut for naturverdiar, landskap, skog og landbruksinteresser, jf. tabell 8 i planskildring, vist nedanfor.

### 4.7 Samla vurdering av konsekvensar

Utredningstema	0-alternativet	Hovudalternativet
Naturverdiar	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg/ noko negativ konsekvens
Kulturminne	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Friluftsliv	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Landskap	Ubetydeleg konsekvens	Ubetydeleg/ noko negativ konsekvens
Skog- og landbruksinteresser	Ubetydeleg konsekvens	Noko negativ konsekvens

Tabell 8. Samanstilling av konsekvensar for dei ulike utgreiingstema for høvesvis 0-alternativet og hovudalternativet.

Figur 4: Tabell frå planskildring med konsekvensutgreiing som viser samla vurdering av konsekvensar for nytt vassverk.

Naturverdiane blir ikkje direkte råka, men indirekte gjennom ein bit for bit utbygging som kan forstyrre fugle- og dyreliv. Nytt vassbehandlingsanlegg omfatte nye bygningar og terrengarbeid rundt brønnane. Vidare inngår nødvendig leidningsnett og trafo for straumtilførsel. Vassverket blir også plassert på ei høgde for å unngå flaum slik at bygningen blir meir eksponert i terrenget. Tiltaket får difor noko negativ verknad for landskap. For jordbruksinteressene er det noko negativ konsekvens at 1816 m<sup>2</sup> innmarksbeite blir omdisponert til vassforsyningsanlegg/drikkevatt og 784 m<sup>2</sup> til vegareal i tilknytning til vassverket, totalt 2600 m<sup>2</sup> innmarksbeite.

Samla sett blir tiltaket vurdert til å ha liten konsekvens sett opp mot samfunnsnytt. Det er viktig for å kommunen å kunne sikre trygt vatn med god kapasitet til innbyggjarane i kommunen. Tiltaket blir rekna som fornuftig ettersom noverande vassverk ikkje tilfredsstillast dei krav som er sett i dag. Tiltaket vil sikre reint drikkevatt til både Lalm og Sjørdalen for nå- og framtidig utnytting. Planforslaget blir slik sett vurdert til å vere positivt for lokalsamfunnet.

## ROS-analyse

Risiko- og sårbarhetsanalyser (ROS-analyser) skal kartlegge mogleg hendingar og konsekvensar av desse for liv, helse, materielle verdiar og samfunn. Jf. pbl § 4-3 skal slik analyse utarbeidast for alle planar for utbygging, og ta for seg alle ROS-forhold som er relevante for om arealet er eigna for dei utbyggingsformål planforslaget opnar for, og også ta for seg eventuelle endringar i ROS-forhold som følgje av planlagt utbygging. Planforslaget skal ivareta dei ROS-forhold som blir avdekte i analysen. Fareområde og risikoreduserande tiltak skal gjerast greie for i tråd med teknisk forskrift og følgjast opp gjennom plankart og føresegner. I ROS-analysen for Lalm vassverk er følgjande tema greidd ut:

1. Skredfare bratt terreng
2. Flaum i vassdrag
3. Ekstremnedbør (overvatn)
4. Kjemikalieutslepp
5. Transport av farleg gods
6. Dambrot
7. Drikkevasskjelder
8. Tilsikta hendingar

### Skredfare i bratt terreng

Planområdet er utsett for skred frå bratt terreng og område er faresonekartlagt der dimensjonerande skredtype er jord- og flaumskred. Tryggleiksklasse er vurdert til å vere S2 jf. TEK 17 § 7-3 ettersom bygget ikkje skal nyttast til varig personopphald, vassverket har få sårbare abonnentar, forsyningsområde er lite og det er mogleg å etablere provisorisk løysing.

### Flaum i vassdrag

Det har blitt utført ei simulering av flaum som viser at dei nye råvassbrønnane ligg innanfor flaumsone for 1000 års flaum med 20 % klimapåslag. Brønnane må difor hevast. Vassverket blir plassert slik at det oppnår tilfredsstillande tryggleik mot flaum. Delar av tilkomstveg vil ved ein situasjon med 1000-års flaum stå under vatn. Vassverket vil ikkje vere bemanna på permanent basis, men det kan vere nødvendig for servicepersonell å ta seg til vassverket i ein beredskapssituasjonen. Det er vurdert til ikkje å vere hensiktsmessig å heve vegarealet da vassverket kan nåast ved å køyre over jordet nord for tilkomstveg med eigna køyretøy.

### Ekstremnedbør

Planområdet er vurdert til å vere lite til moderat sårbart for ekstremnedbør/overvatn. Nødvendig klimapåslag og flaumveger blir sikra i detaljprosjektering.

### Kjemikalieutslepp

Det er ingen verksemder i nærleiken som utgjør fare for akutt forureining. Planområdet og temaet blir vurdert til å vere lite sårbart.

### Transport av farleg gods

Ifølgje DSB sin kartinnsynsløysing *farleg gods* blir det transport farleg gods på fv. 2616 Sjørdalsvegen og rv. 15 innanfor vanleg evakueringsradius på 3-500 meter. Det skal også transporterast klor til vassverket. Ettersom planområdet ligg innanfor evakueringsradius for slike hendingar er det vurdert som moderat sårbart og det er gjennomført ein risikoanalyse som ligg som vedlegg til ROS-analyse.

### Dambrot

Det ligg fleire damanlegg oppstrøms Ottavassdraget, det næraste i Heggebotvatn i Skjåk kommune. Eit dambrot her vil ikkje ha større konsekvensar enn ein 1000 - års flaum ved Lalm som er vurdert under temaet flaum i vassdrag.

### Drikkevasskjelder

Det er sett krav om inngjerding av sone 1 for å halde beitedyr ute. Dette vil gje ei betring av vasskjelde sett opp mot dagens situasjon. Planområdet og tiltaket er vurdert som lite sårbart for temaet.

### Tilsikta hendingar

Planområdet og tiltaket er vurdert som lite sårbart med tanke på gjeldande trusselbilete.

### Oppsummering

Slik kommunedirektøren ser det så er det eit godt gjennomarbeide planforslag som kan leggjast ut til offentleg ettersyn og høyring. Tiltaket er nødvendig ettersom noverande vassverk ikkje tilfredsstillar dei krav som er sett til drikkevatt i dag. Planforslaget er positivt for lokalsamfunnet og vidare utvikling av Lalm samfunnet. Det er uheldig at det blir ei reell omdisponering av 2600 m<sup>2</sup> innmarksbeite, men samfunnsnyttan blir vurdert til å vere større enn ulempene. Det er gjort avbøtande tiltak med etablering av vegetasjonssonar for å dempe negative effektar for landskap og naturverdiane i Lalmsvatnet og strandsone.

### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Forslag til detaljreguleringsplan for Lalm vassverk med tilhøyrande planmateriale blir med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i minimum 6 veker.